



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

Vestnes, 19. juni 2019

Til medlemmene i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 3/19

TID: 26.6.2019 kl. 13:00

STED: Formannskapssalen, Vestnes kommunehus (evt. Kommunestyresalen)

SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 19/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 7. MAI 2019
PS 20/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 21/19	FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «HJEMMETJENESTEN I VESTNES KOMMUNE»
PS 22/19	OPPFØLGINGSLISTE
PS 23/19	EVENTUELT

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mob 91 37 11 12.

E-post: jane.anita.aspen@molde.kommune.no

Innkallinga går som melding til 1.varamedlem som vert innkalla etter behov.

Stig Holmstrøm (s)
leiar

Jane Anita Aspen
daglig leder

Kopi:

Ordfører
Administrasjonssjef
Møre og Romsdal Revisjon IKS



VESTNES KOMMUNE
Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1535/03
Arkiv: 033 & 17
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 31.5.2019

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 19/19	Kontrollutvalet	26.6.2019

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 7. MAI 2019

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 7. mai 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Bakgrunn for saka

Vedlagt følgjer protokollen frå førre møte. Protokollen er tidligare utsendt. Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i dette møte, samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 2/19
Møtedato: 7.5.2019
Tid: Kl. 13.00 – kl. 16.05
Møtestad: Formannskapssalen, Vestnes kommunehus
Sak nr: 11/19 – 18/19
Møteleiar: Stig Holmstrøm, leiar (Ap)
Møtande medlemmer: Dagfinn Wiik (Pp)
Frank Ove Belsvik (Frp)
Gro Ødegård (H)
Forfall: Birgit Torkildson Grotle (Ap)
Ikkje møtt: Ingen
Møtande vara: Lars Christian Fjørtoft (V)
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen: Anne Oterhals, oppdragsansvarleg revisor (sak 12/19-17/19)
Av øvrige møtte: Tone Roaldsnes, administrasjonssjef (RS 12/19, sak 15/19 og 16/19)
Magne Værholm, økonomisjef (RS 12/19, sak 15/19 og 16/19)
Randi Bergundhaugen, fung. ordførar

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til sakliste og innkalling.
RS 12/19 vart gjennomgått etter behandling av sak 13/19.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 11/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12. FEBRUAR 2019
PS 12/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 13/19	REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2018
PS 14/19	VESTNES KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2018
PS 15/19	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 1. KVARTAL 2019
PS 16/19	VAL AV REVISJONSORDNING. VAL AV REVISOR
PS 17/19	OPPFØLGINGSLISTE
PS 18/19	EVENTUELT

PS 11/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12. FEBRUAR 2019
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 12. februar 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Frank Ove Belsvik
2. Dagfinn Wiik

Kontrollutvalet si handsaming

Frank Ove Belsvik og Dagfinn Wiik vert peika ut til å underskrive protokollen frå møte 12.2.2019.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 12. februar 2019 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

PS 12/19	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

- RS 06/19 **Årsrapport for 2018 – Skatteoppkreveren i Vestnes kommune.**
Sekretær bad utvalet særleg å merke seg at det for inntektsåret 2017 var avsett for liten margin til skatteytarar som har skatt til gode. Det var også gjennomført færre arbeidsgjevarkontrollar enn planlagd.
- RS 07/19 **Kontrollrapport 2018 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vestnes kommune** – brev frå Skatteetaten, Skatt Midt-Norge, datert 15.2.2019.
- RS 08/19 **Innkalling til årsmøte i ÅRIM – 29. april 2019.**
Kontrollutvalet ønskjer for framtida berre å få framlagt sakliste og protokollar frå møter i ÅRIM, ikkje alle møtedokumenta. Andre dokument kan etterspørjast frå sekretariatet ved behov.
- RS 09/19 **Årsmelding for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 2018.**
- RS 10/19 **Protokoll fra styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 27.2.2019.**
- RS 11/19 **Kontrollutvalet – Årsmelding for 2018** - saksprotokoll frå Vestnes kommunestyre 28.3.2019, K-sak 20/19.
- RS 12/19 **Oppfølginga av sak 10/19 Eventuelt. Svar på spørsmål knytt til to saksområder:**
1. Psykisk utviklingshemma i Vestnes kommune
2. Moglege ulovlege tiltak i strandsona
Brev datert 16.4.2019 frå rådmannen til kontrollutvalet.

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes, økonomisjef Magne Værholm og oppdragsansvarleg revisor Anne Oterhals svarte på spørsmål frå utvalet.

- RS 13/19 **Vurdering av forvaltningsrevisors uavhengighet.**
- RS 14/19 **Vurdering av regnskapsrevisors uavhengighet revisjonsåret 2019.**
Utvalet hadde før møtet mottatt korrekt dokument frå revisor. I dokumentet som var utsendt saman med møteinnkallinga, var det nokre «klipp-og-lim»feil
- RS 15/19 **Innkalling til representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS 29.4.2019**
Sekretær bad utvalet særleg merke seg at møteinnkalling inneheldt Møre og Romsdal Revisjon IKS sin openheitsrapport.
- RS 16/19 **Protokoll frå representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS 29.4.2019.**
- RS 17/19 **Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal sitt høyringssvar til ny forskrift om kontrollutvalg og revisjon, datert 6.3.2019.**
- RS 18/19 **Møre og Romsdal Revisjon IKS sitt høyringssvar til ny forskrift om kontrollutvalg og revisjon.**
- RS 19/19 **Notat til kontrollutvalgene - tema: forvaltningsrevisjon/undersøkelse av kommunens byggesaksgebyr, notat datert 26.4.2019 fra Møre og Romsdal Revisjon IKS.**
Utvalet drøfta innspelet. Området er ikkje oppfatta av kontrollutvalsmedlemmene som eit vesentleg risikoområde. Sidan utvalet nyleg har bestilt ein forvaltningsrevisjonsrapport er det heller ikkje midlar att på budsjettet til å bestille ei slik undersøking.

Orienteringssaker:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 13/19	REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2018
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå årsoppgjeret 2018 til orientering.

Kontrollutvalet ber revisjonen melde tilbake til kontrollutvalet om merknadar og forslag til forbetringar blir følgt opp av administrasjonen.

Kontrollutvalet si handsaming

Oppdragsansvarlig revisor, Anne Oterhals, presenterte rapport frå årsoppgjeret 2018. Revisor gav ei oversikt over kva som er utført av arbeid, og funn knytt til oppfølgingspunkt frå revisjonen 2017, risikopunkt i plan for 2018 og nye oppfølgingspunkt.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Kontrollutvalet si fråsegn

Kontrollutvalet har i møte 7.5.2019, sak 14/19, handsama Vestnes kommune sin årsrekneskap for 2018.

Grunnlaget for handsaminga har vore årsrapport 2018, inkludert årsrekneskapen for 2018, revisjonsmelding av 11. april 2019. I tillegg har revisjonen og administrasjonssjef/økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Årsrekneskapen inneheld dei oppstillingane som lovkrava seier at rekneskapen skal innehalde. Årsrekneskapen er avlagt innan fristen, som etter forskrifta er 15.2.

Vestnes kommune sin rekneskap for 2018 viser kr 476 518 247.- til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 615 589.-. Netto driftsresultat er kr 6 970 702.-. Avsett til disposisjonsfond er kr 8 763 716.-.

Kontrollutvalet har merka seg at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er på 1,4 % og ligg godt under fylkesmannen sitt måltal på 1,75 %. Disposisjonsfondet er på berre 1,8 % av brutto driftsinntekter. Fylkesmannen sitt måltal er på minimum 4 %. Kommunen står føre fleire store investeringar, og for å kunne takle ei auke i lånerente er det viktig at kommunen har ein god margin å gå på i netto driftsresultat og også ein buffer i eit disposisjonsfond.

Driftsbudsjettet til Vestnes for 2018 går ikkje i null, slik det skal. Det viser 548 000,- i rekneskapsmessig mindreforbruk.

Kontrollutvalet har merka seg at investeringsrekneskapen er avslutta med 27,1 mill. kroner i u-dekka midlar.

Etter revisjonen si vurdering er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrifter. Årsrekneskapen gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stilling per 31.12.2018, og av resultatet for rekneskapsåret.

Etter utvalet sin gjennomgang av rekneskap, årsmelding og revisor si melding, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen gjev eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Vestnes kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2018.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen for Vestnes kommune for 2018 slik den er avlagt.

Kontrollutvalet si handsaming

Økonomisjef Magne Værholm hadde ein grundig gjennomgang av årsresultatet.

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes, økonomisjef Magne Værholm og oppdragsansvarlig revisor Anne Oterhals svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak fråsegn i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Kontrollutvalet sitt vedtak

1. Kontrollutvalet tek driftsrapport pr. 1. kvartal 2019 til orientering.
2. Kontrollutvalet oppmodar om at administrasjonssjefen ser til at finans- og gjeldsrapporten for framtida også gjev status for finansforvaltninga.

Kontrollutvalet si handsaming

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og økonomisjef Magne Værholm orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Kontrollutvalet si tilråding

1. Vestnes kommunestyret godkjenner at Vestnes kommune held fram med revisjon i eigen regi.
2. Vestnes kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Vestnes kommune, under føresetnad av at selskapet blir stiftet.
3. Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær gav utvalet ei orientering om bakgrunnen for saka og kva som er vektlagt i saksframlegget.

Sekretær informert om at det i det utsendte saksframlegget er ein skrivefeil i punkt. 2. i Sekretariatet si tilråding. Det skal stå Møre og Romsdal Revisjon SA.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

Kontrollutvalet sitt vedtak

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune»

Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14

sak 26/14. Rapporten vart lagt fram møte 24.06.15 sak PS 18/15. Oppfølging av rapporten vart behandla våren 2017.

07.05.19: Kontrollutvalet vel å avslutte oppfølging av dette forvaltningsrevisjonsprosjektet, då den anbefalinga som står att ikkje vil bli fullført før i 2020.

Tilsyn med internkontrollsystem for avgrensing av tvang og makt for utviklingshemma

Det vert i Vestnes kommune si årsmelding 2015 gjeve informasjon om at kommunen framleis arbeider med å lukke avvik som vart avdekt i tilsyn som fylkesmannen gjennom-førte i 2011 ved Bu- og habiliteringstenestene. Det vart avdekt alvorleg svikt i internkontroll og styrings-systemet til kommunen. Administrasjonssjefen forventa å få lukka avvika i løpet av våren 2016. Tilsynet vart avslutta i brev frå fylkesmannen 05.07.17, men fylkesmannen har varsla nytt tilsyn.

07.05.19: Sekretær viste til at det i Driftsrapport pr. 1. kvartal, framgår at kommunen har fått utsett dette tilsynet til hausten 2019.

Nytt personvernregelverk

I 2018 har Norge fått ei ny personopplysningslov. Lova inneheld nasjonale reglar og EU sin personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er et sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik kan kommunen sikre at den behandlar personopplysningar lovleg, sikkert og forsvarleg. Det er interessant for kontrollutvalet å skaffe seg informasjon om korleis kommunen har innretta seg etter dei nye personvernopplysningsreglane.

07.05.19: Utvalet ønskjer i møte 17.06.19 å få ei orientering om korleis kommunen har innretta seg etter dei nye personopplysningsreglane.

Kontrollutvalet si handsaming

Leiar gjekk i gjennom dei sakene som står i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det ikkje lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til saker på oppfølgingslista.

Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

PS 18/19	EVENTUELT
-----------------	------------------

Tiltaksplan 2019 – Kontrollutvalet i Vestnes

Tiltaksplanen vart gjennomgått i møte.

Konklusjon

Det vart gjort følgjande korrigeringar i planen:

Oppgåver knytt til tilsyn med forvaltninga

- 17.06.19 Orientering om implementering av nytt personvernregelverk
- 17.06.19 ~~Revidering av kontrollutvalet sitt reglement~~
- 02.09.19 Revidering av kontrollutvalet sitt reglement

Oppgåver knytt til tilsyn med revisjonen

07.05.19 Openheitsrapport frå revisjonen

02.09.19 ~~Openheitsrapport frå revisjonen~~

Oppgåver knytt til kontrollutvalet si rapportering

17.06.19 ~~Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2016-2019~~

02.09.19 Kontrollutvalet sin rapport til kommunestyret om utvalet si verksemd i valperioden 2016-2019

Stig Holmstrøm
leiar

Gro Ødegård
nestleiar

Dagfinn Wiik
medlem

Frank Ove Belsvik
medlem

Lars Christian Fjørtoft
varamedlem

Jane Anita Aspen
sekretær



VESTNES KOMMUNE

Kontrollutvalet

Saksmappe: 2019-1535/03
Arkiv: 033 & 17
Saksbehandlar: Jane Anita Aspen
Dato: 18.6.2019

Saksframlegg

Utvalgssaksnr	Utval	Møtedato
PS 20/19	Kontrollutvalet	26.6.2019

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Bakgrunn for saka

Referatsaker:

- RS 20/19 **Val av revisjonsordning- Val av revisor** - saksprotokoll frå Vestnes kommunestyre 23.5.2019, K-sak 40/19 (vedlagt).
- RS 21/19 **Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal – Protokoll frå styremøte 28.5.2019** (Vedlagt)
- RS 22/19 **Protokoll frå årsmøte i ÅRIM 29.4.2019** (vedlagt).
- RS 23/19 **Forum for kontroll og tilsyn (FKT) – Medlemsinformasjon juni 2019** (vedlagt)
- RS 24/19 **Tilstandsrapport for grunnskulen 2018**, administrasjonssjefen sitt saksframlegg vedlagt tilstandsrapport, kommunestyre 20.6.2019 , K-sak 55/19 (vedlagt)

Orienteringssaker:

- OS 01/19 **Nytt personvernregelverk**
I 2018 har Norge fått ei ny personopplysningslov. Lova inneheld nasjonale reglar og EU sin personvernforordning (GDPR - General Data Protection Regulation). Forordninga er et sett reglar som gjeld for alle EU/EØS-land. Gjennom å ha god internkontroll og god informasjonstryggleik kan kommunen sikre at den behandlar personopplysningar lovleg, sikkert og forsvarleg.
Dette er ei sak på utvalet si oppfølgingsliste. Kontrollutvalet har til dagens møte bedt om å få ei orientering om korleis kommunen har innretta seg etter dei nye personopplysningsreglane.
- OS 02/19 **Vestnes Energi AS**
Etter kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Utvalet har ikkje i denne valperioden gjennomført noko selskapskontroll. Utvalet ønskjer i denne omgang å få meir kunnskap om eitt av dei selskapa kommunen har eigarinteresser i, og har bedt om å få ei orientering om følgjande:
- Generell informasjon om verksemda til selskapet
 - Organisering av selskapet
 - Økonomien i selskapet

- Utfordringar
- Rekruterings- og kompetansebehov
- Kva tenkjer selskapet om utbyttepolitikken?
- Status for leilighetsprosjektet på Livneset, kostnader so langt
- Vil denne satsinga gå ut over utbytte?
- Vert det vidare satsing på bustadbygging?

Jane Anita Aspen
daglig leder

6.

Vestnes kommunestyre godkjenner at pensjonsforpliktingar på tidlegare tilsette i Møre og Romsdal Revisjon IKS blir fordelt på eigarkommunane.

Avrøysting:

Innstillinga til administrasjonssjefen vart samrøystes vedteke.

PS 40/2019 Val av revisjonsordning - val av revisor

Kontrollutvalet si tilråding

1.

Vestnes kommunestyre godkjenner at Vestnes kommune held fram med revisjon i eigenregi.

2.

Vestnes kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Vestnes kommune, under føresetnad av at selskapet blir stifta.

3.

Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 23.05.2019

Vedtak:

1.

Vestnes kommunestyre godkjenner at Vestnes kommune held fram med revisjon i eigenregi.

2.

Vestnes kommunestyre vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor for Vestnes kommune, under føresetnad av at selskapet blir stifta.

3.

Kontrollutvalet inngår og godkjenner oppdragsavtaler med Møre og Romsdal Revisjon SA.

Avrøysting:

Tilrådinga til kontrollutvalet vart samrøystes vedteke.

PS 41/2019 Grensejustering av grunnkrinsane Våge og Hjelvik i Rauma kommune over til Vestnes kommune

Administrasjonssjefen si innstilling

Vestnes kommunestyre rår til at det blir gjennomført ei grensejustering slik at grunnkrinsane Hjelvik og Våge i Rauma kommune blir overførte til Vestnes kommune.

Styret
for Kontrollutvalgssekretariatet
for Romsdal

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	2/19
Møtedato:	28.5.2019
Tid:	Kl. 09.30 – kl. 11:30
Møtested:	Møterom «Formannskapssalen», Molde rådhus
Sak nr:	09/19 – 16/19
Møteleder:	Stig Holmstrøm
Av styrets medlemmer møtte:	
Gjemnes kommune:	Øyvind Gjøen
Neset kommune:	Jostein Øverås
Rauma kommune:	Lars Ramstad, nestleder
Vestnes kommune:	Stig Holmstrøm, styreleder
Forfall:	
Aukra kommune:	Oddvar Hoksnes
Eide kommune:	Kåre Vevang
Fræna kommune:	Ingvar Hals
Molde kommune:	Trygve Grydeland
Sunnal kommune:	Trond M. H. Riise
Møtende vara:	
Aukra kommune	Ole Rakvåg (fra 1040)
Eide kommune	Synnøve Egge
Ikke møtt:	
Ingen	
Fra sekretariatet:	
Jane Anita Aspen, daglig leder	
Sveinung Talberg, rådgiver	
Ingen	
Av øvrige møtte:	
Protokollen godkjennes formelt i neste styremøte	

Styreleder Stig Holmstrøm ønsket velkommen og ledet møtet.

Det ble fremmet forslag om å legge frem en ekstra referatsak RS 07/19.
Innkalling og sakliste ble godkjent med denne endringen.

TIL BEHANDLING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
ST 09/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTE 27.FEBRUAR 2019
ST 10/19	NYE VEDTEKTER FOR KONTROLLUTVALGSSEKRTARIATET FOR ROMSDAL FRA 1.1.2020
ST 11/19	RAMMER FOR LOKALE FORHANDLINGER 2019
ST 12/19	STYREHONORAR
ST 13/19	GODTGJØRELSE FOR MØTER I ARBEIDSGRUPPE NEDSATT AV STYRET
ST 14/19	ØKONOMIRAPPORT PR. 31.3.2019 (periode 1-3)

ST 15/19 REFERAT OG ORIENTERINGER

ST 16/19 EVENTUELT

ST 09/19	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA MØTE 27. FEBRUAR 2019
-----------------	---

Styrets vedtak

Protokollen fra styremøte 27. februar 2019 godkjennes.

Disse velges til å underskrive protokollen sammen med møteleder:

1. Lars Ramstad
2. Øyvind Gjøen

Styrets behandling

Det foreslås at Lars Ramstad og Øyvind Gjøen velges til å underskrive protokollen sammen med møteleder.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med omforent forslag fra styrets medlemmer. (5 voterende)

Daglig leders innstilling:

Protokollen fra styremøtet 27. februar 2019 godkjennes.

Disse velges til å underskrive protokollen sammen med møteleder:

1.
2.

ST 10/19	NYE VEDTAKTER FOR KONTROLLUTVALGSSEKRETARIATET FOR ROMSDAL FRA 1.1.2020
-----------------	--

Styrets vedtak

Styret godkjenner vedtekter gjeldende fra 1.1.2020 og at samarbeidet fortsetter som § 27 samarbeid i overgangsfasen på fire år som ny kommunelov åpner for.

Styret i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal anbefaler at det blir gjort følgende vedtak i deltakerkommunene:

1. Kommunestyret godkjenner vedtekter for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal gjeldende fra 1.1.2020
2. Kommunestyret godkjenner at Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal benytter seg av mulighet til å fortsette som § 27 samarbeid i overgangsfasen kommunelov åpner for. Det vil si at omdanning til en annen organisasjonsform må skje innen fire år etter at ny kommunelov trer i kraft. Det vil si senest i løpet av 2023.

Styrets behandling

Daglig leder orienterte kort om de tilpassinger som er gjort i utkast til vedtekter etter arbeidsgruppemøte. Det ble diskutert om det var andre fordelingsmodeller enn 30% fast og 70 % etter folketall, som kunne vært brukt.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling (5 voterende).

ST 11/19	RAMMER FOR LOKALE FORHANDLINGER 2019
-----------------	---

Styrets vedtak

Styret legger til grunn at lønnsforhandling for daglig leder og rådgiver tar utgangspunkt i ramme på 3,2 %, jfr. avtal for privat sektor. I tillegg kan det vurderes justering av lønn til sekretariatsleder i forhold til andre kontrollutvalgssekretariat, innenfor en rimelig ramme.

Styrets behandling

Daglig leder og rådgiver forlot møte under diskusjonen.

Det ble fremsatt følgende forslag til vedtak:

Styret legger til grunn at lønnsforhandling for daglig leder og rådgiver tar utgangspunkt i ramme på 3,2 %, jfr. avtal for privat sektor. I tillegg kan det vurderes justering av lønn til sekretariatsleder i forhold til andre kontrollutvalgssekretariat, innenfor en rimelig ramme.

Daglig leders innstilling

Saken var lagt frem uten innstilling fra daglig leder.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar omforent forslag fra styremedlemmene (5 voterende).

ST 12/19	STYREHONORAR
-----------------	---------------------

Styrets vedtak

Fast ledergodtgjørelse settes til kr 20 000,- pr. år.

Møtegodtgjørelse settes til kr 2 500,- pr. møte.

Legitimert og ulegitimert tapt arbeidsfortjeneste godtgjøres ihht. Møre og Romsdal fylkeskommune sitt reglement.

Utgifter til reise, kost og overnatting dekkes etter reglene og satsene i Statens Reiseregulativ.

Honorar for styret fastsettes for påfølgende valgperiode av det avtroppende styret.

Styrets behandling

Daglig leders innstilling

Fast ledergodtgjørelse settes til kr ..pr. år.

Møtegodtgjørelse settes til kr ...pr. møte.

Legitimert og ulegitimert tapt arbeidsfortjeneste godtgjøres ihht. Møre og Romsdal fylkeskommune sitt reglement.

Utgifter til reise, kost og overnatting dekkes etter reglene og satsene i Statens Reiseregulativ.

Honorar for styret fastsettes for påfølgende valgperiode av det avtroppende styret.

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar omforent forslag fra styremedlemmene (5 voterende).

ST 13/19	GODTGJØRELSE FOR MØTER I ARBEIDSGRUPPE NEDSATT AV STYRET
-----------------	---

Styrets vedtak

Arbeidsgruppemedlemmene får utbetalt samme godtgjørelse som for møter i styret. Ved to møter samme dag, utbetales en (1) møtegodtgjørelse.

Styrets behandling

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling (5 voterende).

Ole Rakvåg tiltrådte møte før behandling av sak 14/19.

ST 14/19	ØKONOMIRAPPORT PR. 31.3.2019 (PERIODE 1-3)
-----------------	---

Styrets vedtak

Økonomirapport pr. 31.3.2019 tas til orientering.

Styrets behandling

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling (6 voterende).

1.

ST 15/19	REFERAT OG ORIENTERINGER
-----------------	---------------------------------

Styrets vedtak

Referat- og orienteringssakene tas til orientering.

Styrets behandling

Referatsaker:

RS 04/19 **Revisjonsberetning 2018**, KPMG 26.2.2019 (vedlagt)

RS 05/19 **Klart språk i dokumenter – kurs og bistand**, e-post datert 1.4.2017 fra Agnar Kaarbø, Kaarbø språk og kommunikasjon.

RS 06/19 **eINFO 19/1 – Vurdering personvernombud for bedriftsmedlemmer, Norges Kommunerevisorforbund .**
Advokat J. Sandtrø konkludere med at det generelt ikke vil være behov for at medlemmer i NKRF å etablere personvernombud, men det kan likevel være medlemmer som etter en konkret vurdering finner at et personvernombud kan være hensiktsmessig å etablere.

RS 07/19 **FKT – Spørsmål om krav til personvernombud for kontrollutvalgssekretariat – Professor J.F. Bernts Vurdering, FKT 27.5.2019.**
Styremedlemmene hadde i går fått tilsendt på e-post denne vurderingen. J.F. Bernt gir et klart råd om at man sørger for etablering av personvernombud for alle kommunale, fylkeskommunale og interkommunale kontrollutvalgssekretariater.

Styret konstaterer at juristen som NKRF har brukt, og juristen som FKT har brukt, har litt ulik vurdering av dette. Styret ser ikke grunn for å gjøre noen annen vurdering enn å fortsette med den avtale om personvernombud som er inngått.

Orienteringssaker:

Styret fattet enstemmig vedtak i samsvar med daglig leders innstilling (6 voterende).

ST 16/19	EVENTUELT
-----------------	------------------

Under Eventuelt ble følgende tema tatt opp:

- **Statusrapport fra sekretariatet**
 - Saks- og arkivsystem – Daglig leder i ROR-IKT har opplyst at det er valg ny leverandør Tieto og deres produkt Public 360 Online. Det er håp om at det kan tas i bruk fra 1.1.2020. Dette er ønskelig pga. at vi må ha ny arkivdanning for nye kommuner fra 1.1.2020.
 - Kopimaskin – Gjeldende leasing og serviceavtale for kopimaskin er gått ut. Vi har fått tilbud om å inngå ny avtale. Svært liten forskjell fra gjeldende avtale. Nyere versjon av samme maskin.
 - FKT – årsmøte – daglig leder i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal er foreslått som ny 2. vara til styret.
- **Erfaringsutveksling**
Styremedlemmene utvekslet erfaring omkring problemstillinger og saker som er aktuelle i kontrollutvalgene.

Lars Ramstad
nestleder

Stig Holmstrøm
styreleder

Jostein Øverås
styremedlem

Øyvind Gjøen
styremedlem

Ole Rakvåg
varamedlem

Synnøve Egge
varamedlem

Jane Anita Aspen
sekretær

ÅRIM

Langelandvegen 1

6010 ÅLESUND



29. april 2019

Protokoll frå årsmøte i ÅRIM

Tid: Måndag 29. april 2019 kl. 1200 - 1500

Stad: ÅRIM, Langelandsvegen 1, Ålesund

Til stades:

Frå representantskapet i ÅRIM

Tore Johan Øvstebø, leiar (Ålesund kommune)

Eva Hove, nestleiar (Stordal kommune)

Olav Sindre Roald, Giske kommune

Vebjørn Krogsæter, Haram kommune

Arne Sandnes, Norddal kommune

Oddvar Myklebust, Sandøy kommune

Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune

Jim Arve Røssevoll, Sula kommune

Frank Sve, Stranda kommune

Odd Jostein Drotninghaug, Sykkylven kommune

Randi Bergundhaugen (vara for Geir Inge Lien), Vestnes kommune

Knut Helge Harstad, Ørskog kommune

Anne Kristin Bryne, Ålesund kommune

Anita Johansen Sætremyr, Ålesund kommune

Børge Wiig, Ålesund kommune

Anne Berte Hareide (vara for Jarle Hauge Steffenssen), Ålesund kommune

16 av 16 medlemmer var til stades.

- ÅLESUNDREGIONEN INTERKOMMUNALE MILJØSELSKAP IKS
- Langelandsvegen 1 - 6010 ÅLESUND - tlf 70 31 41 00
- www.arim.no - org nr 994 717 286

Frå styret i ÅRIM

Reidar Andresen, styreleiar

Frå Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS

Knut Alnes, revisor

Frå valkomiteen

Øystein Tvedt, leiar

Frå administrasjonen i ÅRIM

Øystein Peder Solevåg, dagleg leiar

Saker som blei behandla:

Sak 1: Konstituering av møtet

Forslag til vedtak:

- 1) Representantskapet godkjenner innkallinga.
- 2) Representantskapet vel xxx og xxx til å skrive under protokollen saman med leiar i representantskapet.

Behandling i møtet:

Tore Johan Øvstebø foreslo Jim Arve Røssevoll og Frank Sve til å skrive under protokollen.

Vedtak (samrøystes):

- 1) Representantskapet godkjenner innkallinga.**
- 2) Representantskapet vel Jim Arve Røssevoll og Frank Sve til å skrive under protokollen saman med leiar i representantskapet.**

Sak 2: Godkjenning av protokoll frå møte i representantskapet 16. november 2018

Vedtak (samrøystes i tråd med innstillinga):

Protokollen blir godkjend.

Sak 3: Orientering om arbeidet i selskapet

Behandling i møtet:

Tone Molvær Berset, juridisk direktør i KS Bedrift, orienterte om eigarstyring og selskapsavtalar. Orienteringa ligg ved protokollen.

Dagleg leiar orienterte om arbeidet i selskapet. Orienteringa ligg ved protokollen.

Ingen vedtak i saken.

Sak 4: Årsmelding 2018

Vedtak (samrøystes i tråd med innstillinga):

- 1) **Representantskapet godkjenner årsmelding og rekneskap 2018 for ÅRIM.**
- 2) **Representantskapet godkjenner utbetaling av 357 775 kr i utbytte for 2018.**

Sak 5: Arbeidet med ny selskapsavtale for ÅRIM

Forslag til vedtak:

Representantskapet rår eigarkommunane til å vedta forslag til ny selskapsavtale for ÅRIM slik det ligg ved.

Behandling i møtet:

Tore Johan Øvstebø fremja forslag om å utsette behandling av saken.

Medlemmene i representantskapet oppmoda styret om å leggje til rette for diskusjon mellom eigarkommunane om dei spørsmåla det ikkje var semje om i høyringsprosessen.

Vedtak (samrøystes):

Saken blir utsatt.

Sak 6: Val av styremedlemmer og varamedlemmer til styret

Behandling i møtet:

Øystein Tvedt, leiar i valkomiteen, presenterte valkomiteen sitt forslag.

Namn på nytt foreslått tredje varamedlem blei korrigert.

Med henvisning til selskapsavtalen blei det lagt opp til val av seks varamedlemmer.

Vedtak (samrøystes):

Følgjande blir faste medlemmer i styret i ÅRIM:

- **Annik Magerholm Fet (attval)**
- **Bente Bruun (attval)**
- **Knut Flølo (attval)**

Jessica Gärtner blir første varamedlem til styret (attval).

Torill Ansnes blir tredje varamedlem til styret (ny).

Torbjørn Emblem blir femte varamedlem til styret (attval).

Inger Johanne Tafjord blir sjette varamedlem til styret (attval).

Funksjonstida er to år.

Sak 7: Val av leiar og nestleiar i styret

Behandling i møtet:

Øystein Tvedt, leiar i valkomiteen, presenterte valkomiteen sitt forslag.

Vedtak (samrøystes i tråd med innstillinga):

Reidar Andresen blir attvald som leiar i styret.

Linda Strand Kjerstad blir attvald som nestleiar i styret.

Funksjonstida er eitt år.

Sak 8: Val av revisor og fastsetting av godtgjersle for revisjon

Vedtak (samrøystes i tråd med innstillinga):

- 1) Årsmøtet veljer Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 i Møre og Romsdal IKS til revisor for ÅRIM.**
- 2) Godtgjersle for revisjon blir etter rekning.**

Sak 9: Fastsetjing av godtgjersle til styret, valkomiteen og klageutvalet og forslag til godtgjersle for representantskapet

Vedtak (samrøystes i tråd med innstillinga):

- 1) Årsmøtet fastsetjer følgjande honorar for medlemmene i styret, valkomiteen og klagenemnda (auke på 2,8 %):

<u>Funksjon</u>	<u>Honorarsats for 2019</u>
Styreleiar	91 590
Nestleiar i styret	68 691
Styremedlem	45 792
Varamedlem og medlem i valkomiteen og klagenemnda, per møte	3 906

- 2) Medlemmene får dekka skyss- og kostutgifter etter satsene til staten.
- 3) Tapt arbeidsforteneste blir dekka i samsvar med retningslinjer i styreinstruks for ÅRIM.
- 4) Øvre ramme for årleg utbetalt godtgjersle til medlem i valkomité og klagenemnd er 11 718 kr. Øvre ramme for årleg utbetalt godtgjersle til varamedlem i styret er 45 792 kr.
- 5) Årsmøtet foreslår følgjande honorar for medlemmene i representantskapet (auke på 2,8 %):

<u>Funksjon</u>	<u>Honorarsats for 2019</u>
Leiar i representantskapet	38 992
Nestleiar i representantskapet	25 921
Medlem i representantskapet	12 907
Varamedlem, per møte	3 906

Sak 10: Oppdatert styreinstruks for ÅRIM

Vedtak (samrøystes i tråd med innstillinga):

Representantskapet tek oppdatert styreinstruks til vitande.

Sak 11: Val av valkomité i ÅRIM

Behandling i møtet:

Tore Johan Øvstebø takka avtroppande valkomité for innsatsen og fremja følgjande forslag

til ny valkomité:

<u>Faste medlemmer:</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Harry Valderhaug (leiar)	Randi Bergundhaugen
Ewa Hildre	Svein Værnes
Arne Sandnes	Svein-Rune Johannessen

Vedtak (samrøystes):

Valkomiteen i ÅRIM får følgjande samansetning:

<u>Faste medlemmer:</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Harry Valderhaug (leiar)	Randi Bergundhaugen
Ewa Hildre	Svein Værnes
Arne Sandnes	Svein-Rune Johannessen

Funksjonstida er to år, ny valkomité må veljast på årsmøtet i 2021.

Ålesund, 29. april 2019

Tore Johan Øvstebø

Jim Arve Røssevoll

Frank Sve

Oppsummert styresamansetning etter årsmøtet 2019:

Styret har etter årsmøtet følgjande samansetning:

Leiar: Reidar Andresen (på val i 2020)

Nestleiar: Linda Strand Kjerstad (på val i 2020)

Styremedlemmer:

Annik Magerholm Fet (på val i 2021)

Bente Bruun (på val i 2021)

Knut Flølo (på val i 2021)

Monica Busengdal (på val i 2020)

Sveinung Valderhaug (på val i 2020)

Eva Ødegaard, tilsettrepresentant (på val i desember 2019)

Tom K. Haugen, tilsettrepresentant (på val i desember 2019)

Varamedlemmer:

- 1 Jessica Gärtner (på val i 2021)
- 2 Trygve Holm (på val i 2020)
- 3 Torill Ansnes (på val i 2021)
- 4 Katrin Blomvik (på val i 2020)
- 5 Torbjørn Emblem (på val i 2021)
- 6 Inger Johanne Tafjord (på val i 2021)

Fride Skarbø, vara for dei tilsette (på val i desember 2019)

Det vil i tillegg bli vald eit varamedlem til for dei tilsette våren 2019.

Fra: [Forum for Kontroll og Tilsyn](#)
Til: [Forum for Kontroll og Tilsyn](#)
Emne: Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon juni 2019
Dato: 18. juni 2019 15:02:53
Vedlegg: [image016.png](#)
[image004.png](#)
[image011.emz](#)
[image014.png](#)
[FKT_prot_190603.pdf](#)



Kjære medlemmer,

Da er vårsesongen over for FKT. Vi hadde en flott avslutning i Kristiansand der fagkonferansen og årsmøtet ble avholdt. Du finner alle presentasjonene ved å klikke på bilde over.

Været var det ingenting å klage på da vi etter årsmøtet var på båttur med MS Maarten og Øya. Her finner du årsmøtedokumentene: <http://cms.osberget.no/fkt/om-fkt/aarsmoete-2020/tidligere-aarsmoeter>

Protokollen fra styremøte 3. juni er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging) , se også vedlagt. Her finner du også FKTs handlingsplan.



Arendalsuka

FKT vil være i Arendalsuka 13. august kl. 13.30 – 14.30 med eget arrangement! Hvis du har tenkt deg dit, så følg med her: <https://arendalsuka.no/event/view/11019>

Vi har utfordret noen utvalgte politikere med følgende spørsmål : Har de kommunale kontrollutvalgene ressurser, kompetanse og status som utvalget bør ha for at kommunen kan ivareta sitt samfunnsoppdrag?

Hvordan kan vi løfte kontrollutvalgenes status? Er det politisk vilje i kommunene til å ta kontrollopgaven på alvor?



Forberedelser - opplæring av nye kontrollutvalg

Forum for Kontroll og Tilsyn har en arbeidsgruppe i gang som skal lage et opplegg for opplæring av kontrollutvalg.

Dette innebærer at FKT vil kunne tilby pp-presentasjoner som vil inneholde flere temabolker rettet mot utvalgene og et eget kursopplegg for kontrollutvalgsledere – «kontrollutvalgslederskolen».

Vi følger opp med mer info etter sommeren.

FKT er i dialog med KS om opplegget for folkevalgtopplæringen for kommunestyrene.

Det er viktig at kontrollutvalgets rolle gis god plass i den generelle folkevalgtopplæringen for kommunestyrene.

Her må vi utfylle hverandre på best mulig måte. Det er viktig at politikerne får god innføring i hvordan egenkontrollen i kommunen skal fungere. Vi følger opp med mer info etter sommeren.

Veileder - Kontrollutvalgets påse-ansvar overfor regnskapsrevisor

Veilederen er ikke helt ferdig og klar til bruk ennå. Vi venter på at forskriften skal bli ferdig for å få gjort de siste justeringene. KMD har lovet at den skal komme «før sommeren».

FKT ønsker alle medlemmer en riktig god sommer!



Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post: fkt@fkt.no | Tlf.: 41471166

www.fkt.no | [@FKT_no](https://twitter.com/@FKT_no) www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat



Saksframlegg

Arkiv: A20
Arkivsaksnr.: 2008/2016
Saksbehandlar: Paul Magne Eidhammer
Dato: 10.05.2019

Tilstandsrapport for grunnskulen 2018

Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskapet	11.06.2019	48/2019
Kommunestyret	20.06.2019	55/2019

Saksprotokoll i Formannskapet - 11.06.2019

Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med slik innstilling:

1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Vestnes kommune 2018 vert teken til vitande.
2. Skulane arbeidar vidare med utfordringar som kjem fram av rapporten.

Behandling:

Administrasjonen retta pkt. 1 i innstillinga til å gjelde 2018.

Avrøysting:

Innstillinga til administrasjonssjefen vart samrøystes vedteke.

Administrasjonssjefen si innstilling

1. Tilstandsrapporten for grunnskulen i Vestnes kommune 2017 vert teken til vitande.
2. Skulane arbeidar vidare med utfordringar som kjem fram av rapporten.

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn:

I opplæringslova § 13-10 Ansvarsomfang står det:

*Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest. Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen/fylkeskommunen og skuleeigaren for privat skule etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultatane frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. **Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskulane***

Vurdering:

Tilstandsrapporten skal gi kommunestyret viktig informasjon om situasjonen i grunnskulen. Resultata på ei rekkje målbare område blir presenterte. Informasjonen er henta frå skuleporten til Utdanningsdirektoratet, GSI og SSB/Kostra. Det blir i rapporten gjort greie for resultatane på elevundersøkinga, nasjonale prøver og eksamen/standpunktarakterar for avgangselevane. Kommunestyret får også presentert resultat og viktig informasjon på skulenivå. Skulane gjer sjølve greie for eigne resultat i tilstandsrapporten. Det er faste rutinar for skulebesøk der mange av temaa som blir belyste i tilstandsrapporten blir tatt opp.

Kommunestyret som skuleeigar har ansvaret for å leggje til rette for eit godt opplæringsmiljø som igjen skal gjere det mogleg å oppnå gode læringsresultat. Det er derfor viktig at kommunestyret får presentert resultat, utfordringar og målsetjingar for det vidare arbeidet i sektoren.

Skulesektoren sitt utviklingsarbeid er forankra i «Plan for kvalitetsutvikling i grunnskulen i Vestnes kommune 2015-2018». Det må utarbeidast ny plan for sektoren. Det er naturleg at det nye kommunestyret får vere med å utvikle planen og då som skuleeigar kunne påverke utviklinga i skulane i Vestnes.

Skulane vil framleis ha eit sterkt fokus på digitalisering, noko som blir eit viktig utviklingsområde framover. PC-ar og læringsbrett er ikkje lenger berre teknisk utstyr til skriving og til å søkje etter informasjon. I dag skjer meir og meir av læringa ved hjelp av digitale ressursar, i form av «appar» og programvare. Dette er ei utvikling som skulane i Vestnes må følgje med på.

Arbeid med fagfornyng vil òg vere viktig framover. I fagfornyng er det eit sterkt fokus på digitalisering. Programmering/koding kjem no inn i opplæring. Dette krev at vi legg gode planar for dette arbeidet og ikkje minst sørgjer for å ha riktig utstyr og lærarar med kompetanse på desse områda.

Særutskrift til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vedlegg:

1 Tilstandsrapport for grunnskulen 2018

Søndag 28. april, 2019

Tilstandsrapport for grunnskolen 2018

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Kryss av for kven som har vore involverte i prosessen med å utarbeide tilstandsrapporten.

Medverknad i utarbeidinga av rapporten	Ja	Nei
Elevar og foreldre (f.eks. dialogmøte)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Organisasjonane	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Skolar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Administrasjonen i kommunen/fylkeskommunen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Politikarar i kommunen/ fylkeskommunen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolene.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjerast vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data

som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstillе informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultatane i dialogen med skoleeigaren.

Det generelle systemkravet

Skoleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skoleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål.

Innhold

1. Sammendrag	4
2. Hovudområde og indikatorar	5
2.1. Elevar og undervisningspersonale	5
2.1.1. Antal elevar og lærarårsverk.....	5
2.1.2. Lærartettleik.....	6
2.2. Læringsmiljø	9
2.2.1. Elevundersøkinga	9
2.2.2. Mobbing på skulen (prosent)	11
2.2.3. Andel elevar som har blitt mobba av andre elevar mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent)	13
2.2.4 Læringsmiljø – tiltak på skulenivå	14
2.3. Resultat	16
2.3.1 Resultat/tiltak for å skape kvalitet i undervisninga	16
2.3.2 Nasjonale prøver 5. trinn	21
2.3.3 Nasjonale prøver ungdomstrinn	25
2.3.4 Karakterer - matematikk, norsk og engelsk.....	30
2.3.5 Grunnskolepoeng	33
2.4. Gjennomføring.....	35
2.4.1. Overgangen fra grunnskole til VGO.....	36
2.5 Spesialundervisning	37
3. System for oppfølging (internkontroll).....	38
4. Konklusjon	39

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9.

1. Sammendrag

Lærartettleik

Det er ikkje store skilnader på lærartettleiken i Vestnes samanlikna med fylket og nasjonen elles. Då timar til spesialundervisning er med i dette berekningsgrunnlaget, vil nok mange elevar oppleve større grupper enn det som kjem fram i statistikken.

Læringsmiljø

Elevane på 7. årssteg skårar godt og i tråd med nasjonen elles på dei ulike områda i elevundersøkinga. Det er gledeleg å registrere at det er få elevar som melder frå om at dei blir mobba.

Elevane på 10. årssteg skårar i tråd med nasjonen på dei fleste områda i elevundersøkinga. På temaet elevdemokrati og medverknad skårar elevane i Vestnes noko lågare enn tilfellet er for elevane elles i Noreg. Det er få elevar som meldar frå om at dei blir mobba.

Resultat på nasjonale prøver – karakterar i basisfag – grunnskulepoeng

I lesing skårar 67,7 % av elevane på 5. årssteg på meistringsnivå 2 og 3. Det er litt over den lokale målsettinga på 65 % og under snittet nasjonalt, der 77,2 % av elevane på 5. årssteg skåra på meistringsnivå 2. og 3. 55,8 prosent av elevane på 5. årssteg skårar på meistringsnivåa 2 og 3 i rekning. Det er under den lokale målsettinga og under det nasjonale snittet. Nasjonalt var det 77,2 % v elevane som skåra på meistringsnivåa 2 og 3. 66,1 % av elevane skåra på meistringsnivå 2 og 3 i engelsk. Det er under den lokale målsettinga i faget som er at 75 % av elevane skårar på meistringsnivå 2 og 3. Denne målsettinga er i tråd med den nasjonale målsettinga for faget. Nasjonalt skårar på 77,2 % av elevane på meistringsnivå 2 og 3.

I lesing skårar 62,4% av elevane på 8. årssteg på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Dette er noko under den lokale målsetninga som er sett til 70 %. Nasjonalt var det 73,9 % av elevane som skåra på meistringsnivå 3,4 og 5. I rekning skårar 60% av elevane i Vestnes på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Dette er lågare enn den lokale målsetninga på 70. Nasjonalt var det 70,1 % av elevane som skåra på nivåa 3, 4 og 5. 66,2 % av elevane i Vestnes skårar på meistringsnivåa 3, 4 og 5 i engelsk. Det er ei lokal målsetting at 70 % av elevane skal skåre på dei tre øvste nivåa. Nasjonalt var det 72,9 % som skåra på meistringsnivåa 3, 4 og 5.

Gjennomføring/overgang til vidaregåande opplæring

Det er prosentvis ein liten nedgang i talet på elevar som går direkte over i vidaregåande opplæring. Hausten 2018 var 93,2 % av avgangselevane våren 2018, registert i vidaregåande opplæring. Dette har tidlegare lege på om lag 97-98 % av elevane som går ut av grunnskulen i Vestnes.

Det var 69,7 % av 2012-kullet i Vestnes, som hadde gjennomført vidaregåande opplæring etter 5 år. Dette er ei lita auke frå 2011-kullet der 68,8 % gjennomførte vidaregåande opplæring etter 5 år. Resultatet for 2010-kullet var heile 72,1 %.

Nasjonalt var det 74,5% av elevane i 2012-kullet som gjennomførte vidaregåande opplæring etter 5 år.

Spesialundervisning

Talet på elevar som får spesialundervisning har dei siste åra auka igjen. Skuleåret 2018/2019 er det over 10 % av elevane i Vestnes som mottok slik hjelp. Det er ønskeleg at meir av hjelpa til denne gruppa elevar hadde skjedd ved god tilpassing innanfor den ordinære opplæringa. Sektoren må bruke effektivt dei nye digitale hjelpemidla i undervisninga. Det vil styrke opplæringa og forhåpentlegvis kan dette på sikt redusere spesialundervisninga. Skulane melder om eit auka tal på elevar med samansette vanskar, noko som legg press på ressursbruken òg i form av spesialundervisning.

System for oppfølging av skulane

Det er i Vestnes ein plan for kvalitetsvurdering av grunnskulane. Det er eit viktig arbeid å sikre kvaliteten i undervisninga. Det er også utarbeidd eit system for skulebasert vurdering, der dette arbeidet er regulert av lov og forskrift. Det blir årleg gjennomført skulebesøk ved den enkelte grunnskule. I desse møta deltek administrasjonssjefen og kommunalsjef for oppvekst. I møta blir det sett fokus på den enkelte skule sine resultat og satsingsområde.

Målet med skulebesøket:

- Sikre at skulen oppfyller krava i forskrift til Opplæringslova § 2-1, skulebasert vurdering.
- Kvalitetsutvikling i tråd med kommunen og skulen sin utviklingsplan.
- Plan for vidareutvikling i tråd med skulen sine kompetansebehov.

Kommunen utarbeider ei årsmelding for alle sektorane. Denne meldinga kjem i tillegg til tilstandsrapporten og beskriv viktige utfordringar og utviklingstrekk for sektoren.

2. Hovudområde og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

2.1.1. Antal elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skuleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomssteget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Lokale mål

Talet på årsverk må heile tida tilpassast utviklinga i elevtalet. Det er først når ein kan redusere talet på grupper/klassar at det er mogleg å gjere vesentlege reduksjonar i årsverk, som vil ha tyding for drifta.

Vestnes kommune skuleeigar | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltal	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
Talet på elevar	726	723	709	689	696
Årsverk for undervisningspersonale	69,9	72,7	72,0	69,3	76,8
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	97,2	94,7	91,4	88,5	87,8

Vestnes kommune skuleeigar, Grunnskule, Antal elevar og lærarårsverk, Offentleg, Alle steg, Begge kjønn

Vurdering:

Elevtalet har auka med 7 elevar i forhold til førre skuleår. Dette skuldast eit stort kull i 1. årssteg og store kull i ungdomsskulen, som no er på veg ut av grunnskulen. Elevtalet vil synke i åra som kjem som følgje av låge fødselstal. Andelen lærarar med godkjent utdanning går endå litt ned i forhold til i fjor. Skuleåret 2018/2019 er det 87,8 % av lærarane som har godkjent utdanning.

2.1.2. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik i ordinær undervisning


Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt, medan andre kommunar

fører dei på skolen i GSI. Dette kan til dømes vere timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.

Lokale mål

Gruppestorleiken må tilpassast den enkelte elevgruppa og må vere pedagogisk forsvarleg. Klassane/basisgruppene må gje den enkelte elev ein trygg sosial arena.

Vestnes kommune skoleeigar | Sammenlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Vurdering:

Det er ikkje store skilnader i lærartettleiken i Vestnes sett i forhold til i fylket og nasjonen elles. Lærartettleiken er skuleåret 2018/2019 er heller litt høgare i Vestnes enn snittet i fylket og nasjonen elles.

2.2. Læringsmiljø

2.2.1. Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkluderes og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:


- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Mobba på skolen av andre elevar:** Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobba på skolen av andre elevar er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba av andre elevar på skolen, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba av andre elevar på skolen. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.
- **Andel elevar som har blitt mobba av andre elevar på skolen 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent):** Se eget diagram.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntaka er mobbet av andre elevar på skolen der låg verdi er positivt og del av elevar som er i prosent.

Lokale mål

Det er ei målsetjing at elevane i Vestnes svarar/skårar på same nivå som landet elles, på dei ulike områda av elevundersøkinga.


Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2018-2019, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2018-2019, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Vurdering

Elevane på 7. årsteg skårar i tråd med snittet i fylket og nasjonen på alle områda i elevundersøkinga. Det er gledeleg å sjå at elevane på 7. årsteg meiner dei får god støtte frå lærarane. På dette området skårar elevane i Vestnes betre enn fylket og nasjonen.

Elevane på 10. årsteg skårar i tråd med snittet i fylket og nasjonen på dei fleste område i elevundersøkinga. På området elevdemokrati og medvirkning skårar elevane noko svakare enn snittet i fylket og nasjonen.


2.2.2. Mobbing på skulen (prosent)

Mobbing på skulen viser andelen elevar som opplever å bli mobba på skulen 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare. Andelen elevar som opplever mobbing er summen av andelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Andelen elevar som har blitt mobba på skulen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elavene opplever å bli mobba.

Lokale mål

Det er nulltoleranse for mobbing i skulane i Vestnes. Det er nedfelte rutinar for kva som skal skje når mobbing blir avdekt. Desse rutinane er skissert i «Overordna system for oppfyling av krava i opplæringslova kap. 9a» Dette er eit dokument som er utarbeidd av Kunnskapsnett Romsdal, som er eit regionalt samarbeid mellom kommunane i Romsdalsregionen.


Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2018-2019, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2018-2019, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Vurdering:

Det er sær gode resultat knytt til temaet mobbing. Det er så få elevar som har svart at dei har blitt mobba at det ikkje blir publisert i dei offentlege tabellane. Det er under ei handfull elevar som seier at dei har blitt mobba ein sjeldan gong. Dette syner at skulane arbeidar aktivt med skulemiljøet og følgjer opp læringsmiljøet til elevane.


2.2.3. Andel elevar som har blitt mobba av andre elevar mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare (prosent)

Prosentdelen elevar som har blitt mobba av andre elevar mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare viser den prosentdelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 gonger i månaden eller oftare av andre elevar. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen av andre elevar er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba av andre elevar 2-3 gonger i måneden eller oftare seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Lokale mål

Det er nulltoleranse for mobbing i skulane i Vestnes. Det er nedfelte rutinar for kva som skal skje når mobbing blir avdekt. Desse rutinane er skissert i «Overordna system for oppfylling av krava i opplæringslova kap. 9a» Dette er eit dokument som er utarbeidd av Kunnskapsnett Romsdal, som er eit regionalt samarbeid mellom kommunane i Romsdalsregionen.


Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Andel elever som har blitt mobbet av andre elever 2-3 ganger i måneden eller oftare (prosent), Offentlig, 2018-2019, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Andel elever som har blitt mobbet av andre elever 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent), Offentlig, 2018-2019, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Vurdering:

Det er særst gode resultat knytt til temaet mobbing. Det er så få elever som har svart at dei har blitt mobba at det ikkje blir publisert i dei offentlege tabellane. Det er under ei handfull elever som seier at dei har blitt mobba ein sjeldan gong. Dette syner at skulane arbeidar aktivt med skulemiljøet og følgjer opp læringsmiljøet til elevane. Det er viktig å ha høg fokus på arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø for elevane. Fordi om resultatata i elevundersøkinga for 7. og 10. årsteg er gode, kan det på andre årsteg vere forhold det må arbeidast med for å gi alle eit godt skulemiljø.

2.2.4 Læringsmiljø – tiltak på skulenivå

Tomrefjord skule

- Aktivitetsdagar med fokus på aldersblanding og sosial kompetanse ved starten av kvart skuleår. Målet er ein god skulestart som skal gjere elevane trygge på kvarandre og førebygge mobbing.
- Partnerskap mot mobbing blir markert gjennom aktivitetsdagar der elevane jobbar praktisk med tema mobbing og vennskap. Elevane jobbar i aldersblanda grupper for å fremje omsorg og ansvar for kvarandre.
- Det blir skriva aktivitetsplan etter opplæringslova §9A viss elevar ikkje opplever å ha eit trygt miljø på skulen.
- Resultat frå elevundersøkinga blir presentert og drøfta i plenumsmøte for lærarar, med elevråd, aktuelle klassesteg og rådsorgana.
- Kvar haust blir det gjennomført ei ikkje-anonym spørjeundersøking (Spekter) som mellom anna skal avdekke mobbing og sjå om det er elevar som fell utanfor. Med bakgrunn i undersøkinga blir det sett inn tiltak på individ og/eller gruppenivå.
- Tilsyn i friminutta. Ekstra tilsyn rundt sårbare elevar ved behov.
- 1.-10. klasse har friminutt saman.
- Skulen har ordensreglar og trivselsreglar. Klassereglar er utarbeidd på kvart årsteg.
- Skulen er med i Leikepatruljen (frå januar 2018). Dette er eit program der elevar skaper positiv aktivitet for andre elevar i friminutta.

-Skulen brukar programmet «Det er mitt val» på s-steg og m-steg som skal trene elevane i sosial kompetanse.

- Skulen har ressurs til sosiallærer på ungdomssteget og har etablert ressursteam (eitt medlem frå kvart storsteam, inspektør, rektor og representantar frå PPT). I ressursteam blir tiltak rundt enkeltelevar, grupper og læringsmiljø drøfta. Ressursteamet vil bli etablert som SIM-tem (innsatsteam mot mobbing) frå og med hausten 2019.

- Involvering av elevråd og elevane i læringsmiljøarbeidet ved skulen.

- Gjennom FAU er det etablert foreldrenettverk med faste tema på foreldremøta. Det er viktig for læringsmiljøet at foreldre kjenner kvarandre godt og kan drøfte tema som er viktig for barna sin skulekvardag. Døme på tema er nettvett, grensesetting, rus og psykisk helse.

- Skulen jobbar med å styrke arbeidet med livsmeistring og psykisk helse, gjennom mellom anna bruk av materiellet psykologisk førstehjelp, MOT og undervisningsopplegg gjennomført av tilsette i helse rundt psykisk helse på 9. steg.

Helland skule

- Trivselsundersøkinga blir gjennomført på alle steg, haust. Tid avsett i plenumsmøte til presentasjon av funn frå hovudstega, og informasjon om status/tiltak. Resultat presentert og drøfta i plenumsmøte for lærarar, med elevar på dei aktuelle stega samt i SMU – kvar haust.

Skuleåret 2018-2019 er det gjennomført ei eiga trivselundersøking på ungdomsskulen (Spekter). Spekter gir eit breiare grunnlag i skulen sitt arbeid med læringsmiljøet enn den vi nyttar i dag og vi vil derfor ta den i bruk på alle 10 stega frå komande skuleår.

- Obligatorisk Elevundersøking for 7. og 10.klasse haust. Elevundersøkinga er ein årleg undersøking der elevar får seie si meining om læring og trivsel i skulen. Svara brukast av skulen, kommunen og staten for å gjere skulen betre.

- Tverrfagleg samarbeidsmøter med PPT, helsesøster og tilsette retta mot enkeltelev og grupper.

- Det er utarbeidd plan for trivsel og orden for Helland skule/SFO. Kvart årssteg utarbeidar klassereglar. Alle må bidra for eit godt læringsmiljø. Viktige aktørar er eleven sjølv, føresette, klasseteam, storsteam, sosiallærer og skuleleiinga.

- Det blir utarbeidd tiltaksplan/aktivitetsplan ved varsel om mobbing.

- Sosialpedagogisk arbeid gjennom heile skuleåret t.d. aktivitetsdagar på tvers av klassane som felles måltid, turneringar, joggedag, partnerskap mot mobbing m.m. Kvart 3.år har skulen framsyning på 1.-4.klasse og 5.-7.klasse. I tillegg har 10.klasse musikkprosjekt kvart år.

- Fadderordning, elevrådsarbeid og MOT (ungdomsskulen) er og viktig på skulen og bidreg positivt i det sosialpedagogisk arbeidet.

- Leikepatruljen: eit program for å auke aktivitet og trivsel i friminutta. Elevar på 5.-7.steg er *leikepatruljeførarar* og har ansvaret i matfriminuttet for ulike leikestasjonar der elevane vel ein aktivitet. Leikeaktivitetane og leikepatruljeførarar bidreg til å inkludere elevane i leiken.

- Tilsyn morgon før skulestart og i friminutta.

- Ungdomsskulebygget har i dag fasilitetar som utfordrar læringsmiljøet til elevane t.d. overfylte klasserom og dårleg ventilasjon.

- Både barne- og ungdomsskulen manglar grupperom. Dette utfordrar oss i arbeidet med tilpassa opplæring.

Fiksdal oppvekstsenter

- Skulen er med i programmet til Leikepatruljen (trivselsleiarprogrammet). Elevar er trivselsleiarar i matfriminutta.

- Resultat frå elevundersøkinga blir presentert og drøfta i plenumsmøte for lærarar, med elevråd, aktuelle klassesteg og rådsorgana.

- Kvar haust og vår blir Spekter gjennomført, ein dynamisk kartlegging av sosiale relasjonar, som mellom anna skal avdekke mobbing.
- Skulen har utarbeidd handlingsplan mot mobbing, ordensreglar og trivselsreglar. Desse vert teke opp i elevråd og FAU før godkjenning i SU
- Ved mobbing vert det skrive ein aktivitetsplan for eleven, der det kjem fram kva som er blitt kartlagt, kva for tiltak som er blitt gjort og kva for tiltak skulen tenkjer å gjennomføre for å få stoppa mobbinga. Ved enkelte saker kan det vere aktuelt med rettleiing frå Tverrfagleg team, helsesøster og PPT.
- Skulen har sidan våren 2018 hatt sitt eige «Innsatsteam mot mobbing», der teamet er skolert i handtering av mobbing.
- Dei eldste elevane lagar til aktivitetsdagar for dei yngre.
- Felles førjulsaktivitetar, fjellturar og skidagar på tvers av klassetrinna. Felles musikkprosjekt ved jamne mellomrom.
- FAU har fredagslunsj kvar fredag.
- Partnerskap mot mobbing vert markert ved ulike aktivitetar
- God vaksentettleik ute i friminutt. Dei vaksne skal vere godt synlege. Ekstra vakter ved behov.
- 1.-7.klasse har friminutt saman.
- Elevane i 5.-7.klasse er saman i fag fysisk aktivitet og kroppsøving.
- Utprøving av fadderordning frå hausten 2018 for nye førsteklasingar.

Tresfjord oppvekstsenter

- Skulen har Handlingsplan mot mobbing, ordensreglar og trivselsreglar. Klassereglar er utarbeidde på kvart årssteg. Desse planane og reglane vert handsama i rådsorgana.
- Miljø er tema på alle elevrådsmøte og samrådsmøte for lærarar.
- Eiga trivselsundersøking for 1.-4.klasse.
- Elevundersøkinga vert gjennomført i 5.-7.klasse (når elevtalet tilseier det).
- Resultat frå undersøkingane vert presentert og drøfta i lærargruppa og i rådsorgana.
- Skulen deltek i SIM-satsinga (Skulen sitt innsatsteam mot mobbing). Som ein del av satsing i dette arbeidet gjennomfører vi miljøundersøkinga Spekter to gongar i året.
- God vaksentettleik ute i friminutt. Dei vaksne skal vere godt synlege.
- 1.-7.klasse har friminutt saman, og har matfriminutt saman i felles kantine.
- Elevar er leikeleiarar i nokre matfriminutt kvar veke. Desse elevane har gått på leikekurs (Leikepatroljeordninga).
- Vi har aktivitetsdagar med aldersblanda grupper, før jul og før sommarferien.
- Vi har felles aktivitetar med barnehagen: elevgrupper besøker barnehagen og grupper frå barnehagen besøker skulen.
- «Tresfjordmeister» - aldersblanda grupper «konkurrerer» i ulike aktivitetar gjennom heile året. Aktivitetane utfordrar både kropp og hovud. På slutten av året har vi kåring av vinnargruppe med ei felles belønning som alle gruppene får ta del i.
- FAU arrangerer elevkveld/aktivitetskveld ein til to gongar i året.
- Elevane i 1.-4.klasse er saman på uteskule, musikk, kunst og handverk og kroppsøving.
- Elevane i 5.-7.klasse er saman i fag som t.d. fysisk aktivitet, musikk, kunst og handverk og kroppsøving.
- Skulen utarbeider tiltaksplan/aktivitetsplan (Opplæringslova §9A), dersom det kjem varsel om mobbing

2.3. Resultat

2.3.1 Resultat/tiltak for å skape kvalitet i undervisninga

Tomrefjord skule

Lesing

- Lesing: resultat for 5. og 8. årssteg kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita. Resultata frå 9. årssteg viser at elevane ligg under nasjonalt nivå.
- Tiltak som skulen har sett inn for å auke læringsutbyttet i faget er:
- Elevane i småskulen tok hausten 2018 i bruk lærebrett 1:1. Det gir nye mulegheiter i faget. Det er gjennomført ei omfattande kompetanseheving av alle lærarane i småskulen i forhold til å utnytte læringsbretta og endre metodikken i klasserommet. Elevane i 5.-10. klasse fekk hausten 2019 1:1 PC. Skulen jobbar no aktivt med å endre undervisningsmetodikken, også med tanke på fagfornyinga.
 - Skulen har tatt i bruk IntoWords, som gir alle elevar mulegheit for digital lese- og skrivestøtte.
 - Skulen har tatt i bruk kartleggingssystemet kartleggeren.no på 5.-10. trinn. Systemet gir god oversikt over kva som er utfordringa til enkelteleven, og gir forslag på individnivå i forhold til kva eleven må jobbe med.
 - Resultat på klassenivå blir drøfta på klasseteam, som planlegg nødvendige tilpassingar i undervisninga både på klasse- og individnivå.
 - Det er etablert ressursteam på skulen. Det inneber mellom anna at ein av lærarane i teamet fungerer som støtte opp mot dei andre lærarane i lesing og skriving. PPT er fast med i teamet som rådgjevarar.
 - Ressursteam jobba hausten 2018 fram ein strukturert plan for tilpassingar i lesing og skriving. Målet er å sikre meir systematisk arbeid med tilpassing i faget.
 - Elevsamtalar der fagleg utvikling og undervegsvurdering er tema.
 - STL (skrive seg til lesing). Undervisningsmetoden er implementert på småskulesteget. Undervisningsmetoden blir og nytta til elevar med lav målkompentanse på høgare klassesteg.
 - SOL (systematisk observasjon i lesing) er eit viktig kartleggingsverktøy i arbeidet med vurdering undervegs på 1.-10. årssteg. Ved bekymring blir det sett i verk tiltak.
 - Leselystaksjonar. Skulen har bestemt å innføre 15 minutt med lesing i sjølvalt bok kvar dag på heile barnetrinnet. Dette skal stimulere leselyst. Leselyst er viktig for at elevane skal øve på lesing. Skulen har laga ein systematisk plan over leselystaksjonane som skal gjennomførast to gonger årleg på kvar trinn. Alle klassane på barnetrinnet skal ha ein bibliotektime i veka på det nye biblioteket i idrettshallen.
 - Resultat frå nasjonal prøve blir brukt aktivt for å betre tilpassinga av opplæringa.
 - Skulen vil jobbe vidare med auka fokus på lesing i alle fag
 - Skulen brukar dataprogrammet Tempolex som eit hjelpemiddel for elevar med utfordringar i lesing. Programmet gir mulegheit for intensiv lesetrening på skulen og heime.
 - Samarbeid med foreldre for å auke leselyst og ha fokus på mengdetrening heime.

Rekning

- Resultat for 5. årssteg og 8. årssteg på nasjonale prøver i rekning kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita. Resultata frå 9. årssteg viser at elevane ligg under nasjonalt nivå.

Tiltak som skulen har sett inn for å betre læringsresultat i matematikk:

- Kompetanseheving av lærarar.
- Elevane i småskulen tok hausten 2018 i bruk lærebrett 1:1. Det gir nye mulegheiter i faget. Det er gjennomført ei omfattande kompetanseheving av alle lærarane i småskulen i forhold til å utnytte læringsbretta og endre metodikken i klasserommet. Elevane i 5.-10. klasse fekk hausten 2019 1:1 PC. Skulen jobbar no aktivt med å endre undervisningsmetodikken, også med tanke på fagfornyinga.
- Skulen har jobba med satsingsområdet rekning i alle fag. Målet med det er at vi som skule skal tenkje rekning meir tverrfagleg og praktisk.
- Frå hausten 2018 tok skulen i bruk MultiSmartøving på heile barneskulen. Elevane jobbar digitalt med Multi, noko som inneber at oppgåvene blir automatisk tilpassa kvar enkelt elev sitt nivå. Vi

opplever at motivasjonen for faget har auka. I tillegg blir Multi brukt opp mot enkeltelevar som treng særleg tilpassing.

- Skulen har tatt i bruk kartleggingssystemet kartleggeren.no på 5.-10. trinn. Systemet gir god oversikt over kva som er utfordringa til enkelteleven, og gir forslag på individnivå i forhold til kva eleven må jobbe med.
- Det er etablert ressursteam på skulen. Det inneber mellom anna at ein av lærarane i teamet fungerer som støtte opp mot dei andre lærarane i rekning. PPT er fast med i teamet som rådgjevarar.
- Ressursteam har jobba fram ein strukturert plan for tilpassingar i rekning. Det skal gjere det lettare for lærarane å jobbe systematisk tidleg innsats og tilpassa opplæring.
- Resultat og utfordringar blir presenterte og drøfta i personalet
- Auka bruk av digitale ressursar opp mot dei elevane som har størst utfordringar i faget
- Skulen brukar dataprogrammet Tempolex som eit hjelpemiddel for elevar med utfordringar i rekning.
- Skulen er i ferd med å jobbe fram ein plan for innføring av programmering i skulen. Enkeltlærarar på alle trinn har byrja å jobbe med det. Ein lærar har tatt vidareutdanning og ein lærar skal ta vidareutdanning innan feltet. Programmering er viktig for å auke elevane si evne til problemløysing og uthaldenheit.

Engelsk

- Resultat frå 5. årssteg på nasjonale prøver i engelsk, viser at elevane ligg under nasjonalt nivå. Resultata på nasjonale prøver i engelsk for 8. steg kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.
Tiltak skulen har sett i verk:
- Forna læreverk i småskulen
- Elevane i småskulen tok hausten 2018 i bruk lærebrett 1:1. Det gir nye mulegheiter i faget. Det er gjennomført ei omfattande kompetanseheving av alle lærarane i småskulen i forhold til å utnytte læringsbretta og endre metodikken i klasserommet. Elevane i 5.-10. klasse fekk hausten 2019 1:1 PC. Skulen jobbar no aktivt med å endre undervisningsmetodikken, også med tanke på fagfornyninga.
- Skulen har tatt i bruk kartleggingssystemet kartleggeren.no på 5.-10. trinn. Systemet gir god oversikt over kva som er utfordringa til enkelteleven, og gir forslag på individnivå i forhold til kva eleven må jobbe med.
- Skulen har tatt i bruk IntoWords, som gir alle elevar mulegheit for digital lese- og skrivestøtte.
- Faglærar i engelsk på heile mellomsteget.
- Systematisk arbeid med tidleg innsats og tilpassa opplæring
- Resultat og utfordringar blir presenterte og drøfta i personalet.
- Auka fokus på bruk av digitale ressursar som kan hjelpe til å betre tilpasse undervisninga til den enkelte elev.

Helland skule

- Landsnitt i teksten nedanfor er samanlikning med andre kommunar (om lag 44.000 elevar pr. steg) som og brukar Conexus Engage (verktøy som registrerer resultat frå nasjonale kartleggingsprøver m.m.).

Norsk

- Nasjonal prøve i lesing 5. årssteg: skår 1,83, Landssnitt* 2,01. Ein liten nedgang samanlikna med førre år, men ein svak oppgang sett over ei 4 års periode.
- 8.klasse skåra 2,65 på nasjonale prøver i lesing i 2018. (Landssnitt 3,08) Dette er ein markant nedgang sett over ei 4 års periode.
- Skår for 9. årssteg nasjonal prøve i lesing 3,19. (Landssnitt 3,45) Dette er ein svak nedgang sett over ei 4 års periode.
- Auka lærartettleik på småskulesteget noko som og er ei nasjonal satsing.
- STL(Skrive seg til lesing), undervisningsmetode som skulen har på 1.-3. årssteg. 1.-3. klasse har dette timeplanfesta frå skuleåret 2015-2016.
- Lær deg å lære, der elevane lærer å tileigne seg ulike studieteknikkar i faget norsk.
- Auka behov for fleire lærarar med norsk kompetanse på alle 10 årsstega. Viktig å halde fram med tilbod om vidareutdanning. Ein ungdomsskulelærar er våren 2019 ferdig med vidareutdanning i norsk.

Matematikk

- Nasjonal prøve i rekning 5.årssteg: skår 1,97 (Landssnitt 2,04). Ein liten nedgang samanlikna med førre år, men ein svak oppgang sett over ei 4 års periode.
- 8. årssteg skåra 2,56 i 2018 på nasjonale prøver i rekning- (Landssnitt 3,06) Dette er ein markant nedgang sett i ei 4 års periode.
- 9.årssteg skåra på nasjonal prøve i matematikk 3,31. (Landssnitt 3,45) Dette er ein svak oppgang sett over ei 4års periode.
- Bruk av konkretiseringsmateriale i faget.
- Haust 2018 1.-7.klasse Multi – digitalt læreverk i matematikk. Her arbeider elevane med oppgåver tilpassa sitt nivå (multismartøving). Vi erfarer at elevane har vist auka motivasjon og ei betre tilpassing av opplæringa.
- Vi har god tilgang på faglærarar i matematikk på alle 10 årsstega.
- Geogebra, årleg opplæring for faglærarar i matematikk.
- Arbeid i faggrupper.
- 8.-10.klasse brukar læringsplattforma Campus Inkrement (omvendt undervisning).

Engelsk

- Nasjonal prøve i engelsk 5.årssteg: skår 2,06 (Landssnitt 2,04). Ei lita auke samanlikna med førre år, og ein markant oppgang sett over ei 4 års periode..
- 8.årssteg har skåra i 2017 på nasjonale prøve i engelsk 2,96. (Landssnitt 3,08) Dette er ei svak auke sett i ein 4 års periode.
- Fokus på bruk av faglærarar på barnesteget.
- Auka behov for fleire faglærarar, spesielt på ungdomsskulen. Satsing på vidareutdanning gjer at vi kan rekruttere fleire engelsklærarar frå våre tilsette i dag. 2 lærarar på ungdomsskulen tek no vidareutdanning i engelsk, ferdig våren 2020.

Felles for faga – oppfølging av resultat

- Skuleåret 2018-2019 oppstart med læringsbrett 1:1 i 1.-4.,klasse. Dette er ei felles kommunal satsing der også lærarane blir kursa i bruken av læringsbrett. Apper og tenester på læringsbrett. Digitale program som gjer at eleven får tilpassa oppgåver for sitt nivå. Opplæring på læringsbrett i fleire fag. I tillegg er der program som støttar eleven i lese og skriveaktiviteten.
- 1:1 bærbar PC på 5.-10.klasse og har opna for meir bruk av digitale program i undervisninga både på mellom- og ungdomsskulestega. Appar og nettsider som gjer det betre å tilpasse oppgåver vil og vere med å auke læringsutbytte for elven.
- Årleg teamsamtalar mellom leiinga og klassetam.
- Arbeid i faggrupper, erfaringsdeling og drøfting
- Lærarar melder funn/behov til skuleleiinga fortløpande (skåring under kritisk grense)
- Årshjul okt./nov. teamarbeid resultat NP og samla informasjon i Conexus; kartlegge – undersøkje – tiltak
- Elevsamtalen og 2 utviklingsamtalar pr skuleår
- Textpilot. Dette er viktige hjelpemiddel for elevar med spesifikke språkvanskar som t.d. Dysleksi.
- Tempoex eit system for innøving og automatisering av basisferdigheiter i lesing, matematikk og engelsk, samt språklydar.
- Systematisk arbeid med tidleg innsats og tilpassa opplæring.
- Samarbeid med heimen har stor betydning for elevens heilheitlege læring.

Fiksdal oppvekstsenter

Norsk:

- Konkrete resultat frå dei nasjonale prøvene for 5. årssteg, kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.
- Skrive seg til lesing som tidlegare er brukt i 1. og 2.steg er erstatta med meir omfattande bruk av læringsbrett og ulike Appar/program med og utan skrivesøtte, mellom anna IntoWords/Book creator. Vi skal nytte Showbie som læringsplattform, der elevane får lekser og oppgåver i faga sine.
- Faste leselekser kvar veke.
- Vi har brukt Hanne Solem sine bøker i leseforståing.
- Leseaksjonar der vi brukar «Leselyst» og "Lesemeister" (digital ressurs)
- Bruk av Tempoex i periodar for elevar som treng litt ekstra øving.

- SOL (Systematisk observasjon i lesing) blir brukt som kartleggingsverktøy i arbeidet.
- Odd Haugstad sine lesebøker blir nytta i 1. og 2.klasse. Bytte av norskverk er ønskeleg frå 3.klasse og oppover (Frå "God i ord" til Ordriket eller Zeppelin).
- Skulen har sidan hausten 2018 hatt full elevdekning på Ipad (1-4) eller PC (5-7).

Rekning

Konkrete resultat frå dei nasjonale prøvene for 5. årssteg, kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.

- Vi nyttar verket Multi. Enkelte klassesteg nyttar berre den digitale ressursen Multi Smart Øving, andre har gått over til ein kombinasjon med MSØ og bøker (til innføring) i tillegg. Noko av matteundervisninga skal synast igjennom uteskule og mat&helse.
- Vi har gjennom den digitale satsinga i kommunen også investert i nokre Appar og program, som er tenkt som eit supplement til den ordinære undervisninga.

Engelsk

Konkrete resultat frå dei nasjonale prøvene for 5. årssteg, kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.

- Vi nyttar oss av verket Stairs, det innførte vi 2014/15. Det er både lærarar, elevar og føresette nøgd med. Den har gode digitale ressursar. Vi har bestemt oss for å kutte ut eingongsbøker.
- Nyttar nettressursane til fleire læreverker.
- Skulen har den seinare tida fått lærarar med høgare utdanning i engelsk (vidareutdanning mm), noko som kan ha positiv effekt på undervisninga, mtp erfaringsdeling og utvikling av faget generelt.

Felles for faga – oppfølging av resultat.

- Einskildelevar sine resultat gir store utslag i små elevgrupper.
- Resultat vert drøfta på lærarmøte i lag med einingsleiar.
- Resultat vert registrerte i VOKAL/Conexus engage.
- Resultat vert presentert for dei føresette.
- Resultat vert tatt opp i elevsamtalar og utviklingssamtalen (2 gongar i året).
- Tidleg innsats og tilpassa opplæring er eit satsingsområde, og vi vurderer korleis ressursane kan kome flest mogleg til gode
- Lærarar melder funn/behov til skuleleiinga fortløpande. PPT er ofte med i prosessen.
- Skulen har fokus på tidleg innsats, reflekterer over korleis ressursane kan kome flest mogleg til nytte.
- Skulen vil i tida framover bli tryggare i bruken av læringsbrett, og i større grad kunne vurdere god og fornuftig bruk av desse.

Tresfjord oppvekstsenter

Norsk

- Konkrete resultat frå dei nasjonale prøvene for 5. årssteg, kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.
- Vi nyttar kartleggingsverktøyet SOL (systematisk observasjon av lesing).
- Vi nyttar dei tilgjengelege kartleggingsprøvene på UDIR.
- Elevane på dei lågaste trinna har faste leselekser.
- Elevane arbeider med leseforståingsoppgåver.
- Dataprogrammet Tempolex vert nytta til lesetrening for nokre elevar.
- Vi vil og late fleire elevar nytte lese- og skrivestøtta som CD-ord og IntoWords kan gje.
- Vi vil ha auka fokus på lesing i alle fag.
- Vi arbeider for å fremje leseglede og leselyst.
- Vi utviklar og betrar vår bruk av IKT og digitale læremiddel. Frå oktober har kvar elev disponert anten læringsbrett eller pc. I første klasse har vi t.d. nytta Poio ved innøving av bokstavane .

Rekning/Matematikk

- Konkrete resultat frå dei nasjonale prøvene for 5. årssteg, kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.

- Vi er ganske godt nøgde med læreverket vi nyttar, Grunntal. I nokre klassar har vi gått over til å bruke Multi Smart Øving (eit adaptivt program).
- Lærarane nyttar også konkretiseringsmaterieil og spel i undervisninga.
- Vi har fokus på rekning i alle fag.
- Det vert i noko grad nytta digitale ressursar i arbeidet med matematikk.
- Vi har brukt Tempolex med nokre elevar.
- Vi nyttar dei tilgjengelege kartleggingsprøvene på UDIR.
- Skulen har godt kvalifiserte faglærarar i matematikk.
- Vi utviklar og betrar vår bruk av IKT og digitale læremiddel. Frå oktober har kvar elev disponert anten læringsbrett eller pc.

Engelsk

- Konkrete resultat frå dei nasjonale prøvene for 5. årssteg, kan ikkje kommenterast, då tala er unntatt offentlegheita.
- Skulen har godt kvalifiserte faglærarar i engelsk.
- Diverse digitale ressursar vert nytta i arbeid med faget.
- Vi nyttar dei tilgjengelege kartleggingsprøvene på UDIR.
- Vi utviklar og betrar vår bruk av IKT og digitale læremiddel. Frå oktober har kvar elev disponert anten læringsbrett eller pc.

Felles for faga:

- Einskildelevar sine resultat gir store utslag i små elevgrupper.
- Resultat vert drøfta på lærarmøte - i lag med einingsleiar.
- Resultat vert registrerte i VOKAL/Conexus.
- Resultat vert presentert for dei føresette.
- Resultat vert tatt opp i elevsamtalar og utviklingssamtalen (2 gongar i året).
- Tidleg innsats og tilpassa opplæring er eit satsingsområde, og vi vurderer korleis ressursane kan kome flest mogleg til gode
- Lærarar melder funn/behov til skuleleiinga fortløpande.
- Vi vil ha fokus på å trene på lesing og rekning i alle fag.
- Vi vil også ha meir fokus på bruk av digitale ressursar, som t.d. bruk av Tempolex i arbeid med basisfaga og etter kvart verte kjende med og bruke fleire moglegheiter som digitale læringsressursar gir sidan kvar elev no disponerer læringsbrett eller pc.
- Vi har årshjul med oversikt over kartleggingsarbeid og etterarbeid etter kartlegging.

2.3.2 Nasjonale prøver 5. trinn

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06.

Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.


Lokale mål

Lesing: Det er anbefalt nasjonalt at 75 % av elevane skal oppnå meistringsnivå 2 eller 3. Grunna lågare resultat over tid har vi valt at målet skal settast til 65%. Det er eit mål å på sikt kome opp nasjonalt nivå.

Rekning: Nasjonalt mål er at 75% av elevane skal oppnå meistringsnivå 2 eller 3. Kortsiktig mål er å oppnå 60 % av elevane på 5. årssteg skal nå desse nivåa. På lang sikt er målet at Vestnes skårar på anbefalt nasjonalt nivå.


Engelsk: Målet er at fleire skal opp på nivå 2 og 3. Målet er det same som det nasjonale målet, som er at 75% av elevane skårar på meistringsnivå 2 og 3.

Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten


Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Lesing



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Lesing, Offentlig, 2018–2019, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten


Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Regning



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Regning, Offentlig, 2018–2019, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Engelsk



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Engelsk, Offentlig, 2018-2019, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Vurdering

Lesing: I lesing skårar 67,7 % av elevane på 5. årssteg på meistringsnivå 2 og 3. Det er litt over den lokale målsettinga på 65 % og under snittet nasjonalt, der 77,2 % av elevane på 5. årssteg skåra på meistringsnivå 2. og 3.

Rekning: 55,8 prosent av elevane på 5. årssteg skårar på meistringsnivå 2 og 3. Det er under den lokale målsettinga og under det nasjonale snittet. Nasjonalt var det 77,2 % av elevane som skåra på meistringsnivå 2 og 3. Resultata lokalt varierer frå års kull til års kull. I fjor skåra 79,3 % av elevane på meistringsnivå 2 og 3 noko som var over det nasjonale snittet.

Engelsk: 66,1 % av elevane skåra på meistringsnivå 2 og 3 i engelsk. Det er under den lokale målsettinga i faget som er at 75 % av elevane skårar på meistringsnivå 2 og 3. Denne målsettinga er i tråd med den nasjonale målsettinga for faget. Nasjonalt skårar 77,2 % av elevane på meistringsnivå 2 og 3.

2.3.3 Nasjonale prøver ungdomstrinn

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:


- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål


Lesing: Oppnå resultat på anbefalt nasjonalt nivå. 70 % skal oppnå dei tre høgaste nivåa.
Rekning: Oppnå resultat på anbefalt nasjonalt nivå. 70 % skal oppnå dei tre høgaste nivåa.
Engelsk: Oppnå resultat på anbefalt nasjonalt nivå. 70 % skal oppnå dei tre høgaste nivåa.

Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform



Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten


Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Lesing



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2018-2019, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten


Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Regning



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2018-2019, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Offentlig eierform - Engelsk



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Engelsk, Offentlig, 2018-2019, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten

Vurdering:

Lesing: 62,4 % av elevane på 8. årsteg skårar på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Dette er noko under den lokale målsettinga som er sett til 70 %. Nasjonalt var det 73,9 % av elevane som skåra på meistringsnivå 3,4 og 5.

Rekning: I rekning skårar 60 % av elevane i Vestnes på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Dette er lågare enn den lokale målsettinga på 70. Nasjonalt var det 70,1 % av elevane som skåra på nivåa 3, 4 og 5.

Engelsk: 66,2 % av elevane i Vestnes skårar på meistringsnivåa 3, 4 og 5. Det er ei lokal målsetting at 70 % av elevane skal skåre på dei tre øvste nivåa. Nasjonalt var det 72,9 % som skåra på meistringsnivåa 3, 4 og 5.

2.3.4 Karakterer - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Lokale mål

Mål for standpunktkarakterane:

Norsk hovudmål skriftleg: 4


Norsk sidemål skriftleg: 4

Engelsk skriftleg: 3,9

Matematikk skriftleg: 3,5

Standpunktkarakterar skuleåret 2017/2018 – Vår 2018

Fag:	Vestnes	MR-fylke	Nasjonalt
Matematikk	3,5	3,6	3,7
Norsk hovudmål skriftleg	3,5	3,9	3,9
Norsk sidemål skriftleg	3,5	3,8	3,7
Norsk munnleg	3,9	4,3	4,3
Engelsk skriftleg	3,9	4,0	4,0
Engelsk munnleg	4,0	4,2	4,3




Vurdering

Elevane i Vestnes skårar lågare i norsk hovudmål skriftleg og norsk munnleg samanlikna med snittet i fylket og nasjonalt. Det er elles ikkje store forskjellar i dei andre standpunktkarakterane.

Eksamenskarakterar skuleåret 2017/2018 -Vår 2018

Fag:	Vestnes	MR-fylke	Nasjonalt
Engelsk munnleg	4,8	4,6	4,5
Matematikk skriftleg	2,8	3,5	3,6
Naturfag munnleg	4,8	4,2	4,3
Norsk hovudmål skriftleg	3,2	3,4	3,5
Norsk sidemål skriftleg	3,4	3,4	3,4
Norsk munnleg	4,4	4,5	4,5
KRLE	4,3	4,3	4,4
Samfunnsfag munnleg	4,3	4,5	4,4



Vurdering:

Elevane har svakare resultat til eksamen i faga matematikk skriftleg og norsk hovudmål skriftleg enn snittet nasjonalt. Elles har elevane i Vestnes gode resultat i fleire fag munnleg.

2.3.5 Grunnskolepoeng

Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.


Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

Det er ei målsetjing å kome opp på eit snitt på 40,0 grunnskulepoeng

Vestnes kommune skoleeier | Sammenlignet geografisk | Fordelt på periode | Offentlig eierform



Vestnes kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er hentet fra Skoleporten


Indikator og nøkkeltall	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Vestnes	39,3	38,9	37,6	37,5	40,4	39,3
MR-fylke	40,1	40,4	40,7	41,0	41,3	41,8
Nasjonalt	40,0	40,3	40,7	41,1	41,4	41,8

Vurdering:

Grunnskulepoenga for avgangselevane varierer mykje frå år til år. Dette syner at dei ulike årskulla har ulike føresetnader. Elevane som gjekk ut av grunnskulen i Vestnes våren 2018 hadde i snitt 39,3 grunnskulepoeng. Dette er lågare enn førre skuleår då elevane hadde eit snitt over dei lokale målsettingane. Resultatet er likevel langt betre enn kva som har vore tilfelle i fleire av dei føregåande åra. Vi veit det er ein nær samanheng mellom grunnskulepoenga til elevane og gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

2.4. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO.



Vurdering

Det var 69,7 % av 2012-kullet i Vestnes, som hadde gjennomført vidaregåande opplæring etter 5 år. Dette er ei lita auke frå 2011-kullet der 68,8 % gjennomførte vidaregåande opplæring etter 5 år. Resultatet for 2010-kullet var heile 72,1 %.


Nasjonalt var det 74,5% av elevane i 2012-kullet som gjennomførte vidaregåande opplæring etter 5 år.

2.4.1. Overgangen fra grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

Lokale mål

Det er ei målsetjing at så mange som mogleg startar i vidaregåande opplæring.



Symbolforklaring

* Tall er unntatt offentlighet

⚡ Brudd i tidsrekke. Tallene er ikke sammenlignbare med tidligere år


Relevant informasjon til rapporten

[Gjennomføringsbarometeret](#)

Vurdering

Det er ein liten nedgang i delen av elevar som går direkte over i vidaregåande opplæring. Hausten 2018 var det 93,2 % av elevane som gjekk direkte over i vidaregåande opplæring. Dei siste åra har dette lege på om lag 97-98 %.

2.5 Spesialundervisning



Vurdering

